

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
055/15	Formannskapet	PS	03.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Edith Abrahamsen Kjærås	14/4052

Vedtak om oppstart av prosjekt for kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Osterøy kommune

Formannskapet vedtek at Osterøy kommune startar opp prosjekt for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med saksframlegget.

Formannskapet - 055/15

FS - behandling:

Referansegruppa - innspel om å ta med idrettslag

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FS - vedtak:

"Osterøy kommune startar opp prosjekt for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med saksframlegget."

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Osterøy kommune fekk i 2014 tildelt 60.000 kr frå Hordaland fylkeskommune for å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder jamfør rettleiar M98-2013 «Kartlegging og verdsetting av friluftsområder». Arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020) og Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020).

Det er eit nasjonalt mål at flest mogleg kommunar har kartlagt og verdsatt sine viktigaste friluftslivsområde innan 2018. Frå 2018 vil det vere eit krav om å ha gjennomført ei kartlegging og verdsetting av friluftsområder for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder. Vidare vil metoden kunne bidra til å oppnå nasjonale mål om å sikre befolkninga høve til eit variert friluftsliv i nærmiljø og i naturen ellers.

Målet med kartlegginga er å:

- få oversikt over og tydeleggjera areal til friluftsliv i kommunen
- få verdsett og prioritert aktuelle areal til friluftsliv i kommunen, og gjennom dette sikre god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon i kommunen og for eksterne parter.

Konkret vil ein gjennom prosjektet identifisere, differensiere, verdsette og digitalisere friluftsområda i kommunen. Prosjektet vil resultera i eit temakart som syner dei ulike friluftsområda i kommunen og skildra bruk og verdi. Rettleiaren anbefaler at alt areal i kommunen bør kartleggast, men at det er særleg viktig der arealbrukskonfliktane er størst, som til dømes i tettstadar og i strandsona knytt til sjø. Prosjektet vil resultera i:

- Ein kortfatta rapport med oppsummering av arbeidet
- Kartfiler i sosiformat til kommunen (leggjast inn som eit temalag i kommunen si digitale kartløysning)
- Interaktivt kart som presenterer friluftsområda på nett. Dette vert lagt inn i Naturbase.no med kommunen som eigar av datasettet.

For meir informasjon om føremål, metode og prosess sjå rettleiar M98-2013 -

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M98/M98.pdf> eller Miljødirektoratet sine heimesider: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/For-offentlig-sektor/Sikring-og-forvaltning-av-friluftslivsomrader/Kartlegging-og-verdisetting-/>

Relevans for pågående planarbeid

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i kommunen har verdi for pågående planarbeid. Ein ser særskilt at kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder har relevans for utarbeidninga av Kommunedelplan for sjø og strandsona i kommunen og ein ønskjer å sikre samsvar mellom temakart og plankart. Dette er bakgrunnen for at ein i fyste omgang vil ta for seg friluftslivsområder i sjø- og strandsona for å kunne sikre desse i Kommunedelplanen.

Organisering

Prosjekteigar: Osterøy kommune

Prosjektleiar: Planavdelinga, Osterøy kommune

Prosjektkoordinator: Hordaland fylkeskommune

Lokal arbeidsgruppe: Arbeidsgruppa vil bestå av rundt 5 personar med ulik kompetanse, bakgrunn og alder/kjønn. Gruppa vil i hovudsak vere medlemmer frå administrasjonen i kommunen. Bakgrunnen for å etablere arbeidsgruppa med medlemmer frå administrasjon er eit ønskje om å sikra god framgang og ein effektiv prosess med tanke på møteverksem og for framdrift i samanheng med det parallele planarbeidet med KDP Sjø- og strandsona. Arbeidsgruppa har ansvar for framdrift og gjennomføring av kartlegging, verdsetting, presentasjon og digitalisering.

Referansegruppe: Føremålet med referansegruppa er å korrigere og kvalitetssikre det arbeidet arbeidsgruppa gjer. Referansegruppa vil bestå av representantar frå ulike lag og organisasjonar. Ein ønskjer å etablere ei brei referansegruppe med god lokal forankring.

Forslag til lag og organisasjoner som vil vere aktuelle for arbeidet (lista er ikke uttømmande):

Lag/organisasjon	Representant
Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	
Osterøy turlag	
Grendalag	
Lonevåg sportsfiskarlag	
Speidarlag	
m.fl	

Framdrift

Ein ønskjer å sette i gang arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder tidleg sommar 2015 (juni). For å legge opp til ein effektiv prosess jamfør samordninga med framdriftsplanen for kommunedelplanen for sjø- og strandsona ser ein for seg å etablere arbeidsgruppa og referansegruppa juni 2015, samt å sette i gang med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i strandsona tidleg haust, 2015. Etter dette vil ein kartlegge og verdsette dei resterande friluftslivsområda i kommunen. Ein legg opp til endeleg vedtak av temakart for friluftslivsområder i kommunen i desember 2016.

Forslag til framdriftsplan:

pe og referansegr uppe													
Kartlegging og verdsetting av friluftslivso mråder i sjø og strandsona													
Kvalitetssikr ing													
Kartlegging og verdsetting av friluftslivso mråder (utanfor sjø og strandsona)													
Kvalitetssikr ing													
Digitaliserin g													
Enkel rapport													
Kvalitetssikr ing med enkel høyring													
Korrigeringa r/justeringsa r i kart													
Vedtak i formannska pet													

Konklusjon

Med bakgrunn i overordna målsetting vurderer rådmannen at det er hensiktsmessig å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder jamfør rettleiar M98-2013. Friluftsliv er helsefremmande, miljøvennlig og trivselsskapande aktivitet og ei temakartlegging vil vere med å sikre moglegheita for slik aktivitet også i framtida.

Vidare vurderer rådmannen at det vil vere positivt å samordne kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder med pågående planarbeid for kommunedelplan for sjø og strandsona og at det difor er hensiktsmessig å starte opp arbeidet med temakartlegginga våren 2015.

På bakgrunn av dette gjer Rådmannen framlegg til slikt vedtak:

«Formannskapet vedtek at Osterøy kommune startar opp prosjekt for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med saksframlegget».